



Ivar Holmaas
Sandnesstykket 3
5981 Masfjordnes

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/680 - 22/6792

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
kjartan.nyhammer@masfjorden.kommune.no

Dato:
23.08.2022

Melding om delegert vedtak - Løyve til oppføring av naust på GBNR 32/59 Bjørkeneset

Vi syner til søknad motteke den 18.07.2022

Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

Administrativt vedtak. Saknr: 083/2022

Masfjorden kommune ved rådmannen syner til plan- og bygningslova §§ 20-1 og 20-4 og gje løyve til oppføring av naust på GBNR 32/59 Bjørkeneset. Søknad med vedlegg, motteke 18.07.2022, vert godkjent på med følgjande vilkår :

- Naustet vert plassert i samsvar med situasjonsplan, motteke 18.07.2022
- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen før det søkast om ferdigattest.
- Naustet skal ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest.

Grunngjeving : Naustet er i samsvar med reguleringsplanen for Bjørkeneset, planId 1266-2017002

Heimel : Plan- og bygningslova § 20-1 og reguleringsplanen for Bjørkeneset

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest. Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling. Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve. Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

- Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.3.1	Basisgebyr	1	Kr 5.300,-
Sum			Kr 5.300,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Roald Kvingedal
teknisk sjef

Kjartan Nyhammer
landbruksrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Mottakarar:

Ivar Holmaas

Sandnesstykket 3 5981

Masfjordnes

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn**


Det vert søkt om løyve til oppføring av naust på GBNR 32/59 Bjørkeneset i søknad motteke 18.07.2022.

2. Uttale


Søknad er nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3. Dert ligg ikkje føre merknader til søknaden.

3. Fakta


Det vert søkt om oppføring av 32 m² naust og 35 m⁵ båtopptrekk på GBNR 32/59 Bjørkeneset. Nausttomten ligg i naustområdet N2 i reguleringsplanen for Bjørkeneset. Ifølge føresegnene til planen, pkt. 1.7.1. kan det førast opp 16 naust innanfor dette området der 5 naust kan oppførast med BYA 45 m², 8 naust kan førast opp med BYA 32 m² og 3 naust kan førast opp med BRA 45 m².

Situasjonsplan

Reguleringsplan Bjørkeneset



Teikningar



Reguleringsplan for Bjørkeneset set krav om saltak med takvinkel mellom 22 – 45 grader. Omsøkt naust er planlagt med 39 grader takvinkel. Vidare er maksimal mønehøgde sett til 5 meter. Omsøkt naust har mønehøgde 4,7 meter. Omsøkt naust er såleis i samsvar med reguleringsplanen for Bjørkeneset.

4. Vurdering

Kommunen skal vurdere tiltaket i høve til plan- og bygningslova. I saka her er oppføring av naust i samsvar med reguleringsplan for Bjørkeneset og kommuneplanen 2018 – 2030. Vidare er nauset av ein slik storleik og tiltaksklasse at kommunen godkjenner tiltaket som eit tiltak utan ansvarsrett jfr plan- og bygningslova § 20-4.

5. Konklusjon

Søknad om oppføring av naust på GBNR 32/59 Bjørkeneset vert godkjent.